



KLART FOR NORTHUG?:

ILLUSTRASJONSFOTO: ELI LUND

Ønsker OL til Hordaland

Idrettsråda i Bergen og Voss har gått saman og oppretta eit selskap som skal få OL til Hordaland.

Etter at Telemark lufta ambisjonar om vinter-OL i helga, vart det mandag klart at Idrettsråda i Bergen og Voss går saman om å få til eit OL i Hordaland, skriv BA.

Initiativet kjem i etterkant

av ei moglegheitstudie utført av Opus i Bergen.

Utevingane er ifølgje avisat tenkt lagt til Voss medan hallidrettar skal leggast til Bergen og Stavanger.

Mindre

IOC har gjennom «Reform 2020» opna opp for at arrangørar i større grad kan bestemme innhaldet i OL sjølv, og leiar i

det nystarta «Idrettens Olympiade AS» som skal arbeide vidare med planane, meiner eit OL i Hordaland er realistisk.

– Vi ser for oss eit mindre OL med færre øvingar, hallar og lågare pampefaktor. Det skal vere nedskalert og vi skal ta heile landet i bruk, seier han til BA.



I ODDA: Eivind Brendehaug og Idun A. Husabø frå Vestlandsforskning hadde møte med mellom anna hjelpekorpsa og Trolltunga Active mandag.

■ Nye Trolltunga-tiltak skal testast ut neste sesong

Forskar på tryggleik

Vestlandsforskning er hyrt inn av Odda kommune til eit forprosjekt som skal resultera i nye tryggingstiltak på fjellet.

SYNNØVE NYHEIM
synnove.nyheim@hardanger-folkeblad.no

ODDA: Odda kommune er prosjekteigar, og forprosjektet er finansiert av mellom anna Regionalt forskningsfond Vestlandet. Mandag var Eivind Brendehaug og Idun A. Husabø på besøk frå kontoret i Sogndal for å samla ulike aktørar som jobbar for å betra tryggleiken, både ved Trolltunga, men også Prei-

kestolen og Kjerag. Målet er å gjera det tryggare å ferdist i fjellet.

– Forprosjektet skal munna ut i ei liste med kva type tryggleikstiltak aktørane vil testa ut kommande sesong, forklarer Brendehaug.

Aktørane har no gjort seg opp erfaringar med årets fjellvaktordning, og ein stor reduksjon i tal på redningsaksjonar frå 2016.

– Det er kanskje andre årsaker til dette også, til dømes moglegheita til å starta turen lenger oppe, seier han.

Mågelivegen opna i sommar, og gjer at ein kan parkera på Mågelitopp. Kollega Idun A. Husabø legg til at det ikkje er

meininga at dei skal legga fram ein fasit, men at det skal vera ein open dialog mellom dei og aktørane, til dømes Trolltunga Active, Røde Kors og Odda kommune.

«Rufsete» informasjon

– Det som er interessant er mellom anna at det som var opplese og vedteke i fjor, no ikkje gjeld lenger.

Ein må følga med og tenka på det turistgrunnlaget som er i dag - og det ein vil ha, seier ho.

Ei utfordring dei skal sjå på, er korleis ein når fram med riktig informasjon.

– Ein har lagt seg på ei brei målgruppe tidlegare - det kan henda det er betre å retta seg

spesifikt mot dei som har føresettnadene for å gå turen, seier Brendehaug.

Å sjå på dei ulike populære fjellturane på Vestlandet under eitt, meiner dei er bra fordi mange som kjem ofte skal innom alle tre medan dei er i Noreg.

– Vi har mellom anna sett på kva turistane som googlar turane blir møtt med. Det er litt ulik informasjon. Dei store reiselivsaktørane har blitt flinke til å publisera tryggleiksvideoar, men så kan ein og komma over bloggarar og andre sider med «rufsete» informasjon, seier Husabø.

Vestlandsforskning jobbar no med å samla inn data frå alle redningsaksjonane som har vore, for å danna seg eit heilskapleg bilde.

– Kva er det som karakteriserer desse aksjonane? Har det vore endringar over år? Vi intervjuar dei som har vore involvert i aksjonar, forklarer dei.

Forskarane vil og henta inn erfaringar frå utlandet.

– Ein stor skilnad er at her går ein mykje meir på eiga hand, sjølv som tilreisande. Vi nordmenn dyster vår lokalkunnskap over på turistane og tek det for gitt at dei kan fjellvettreglane som vi har vakse opp med, seier forskarane, som skal ha ein dialog med aktørane fram mot neste sesong. Forprosjektet skal vera ferdig i august.